



## Retningslinjer for elevane gjeldande frå veke 34

Gjeldande smittevernleiar gjeld: <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/sikkerhet-og-beredskap/informasjon-om-koronaviruset/smittevernveileder/ungdomsskole-vgo/>

Per dato er vi på **gult nivå**.

Vask hendene dine når du kjem til skulen og når du kjem heim. Vask hendene dine også om du har vore på eit anna klasserom eller i fellesareala. Tenk hygiene.

Tørk av pulten din med eingongsklut i starten - og ved slutten av timen dersom du skal skifte rom.

Hald deg på klasserommet mest mogleg, ikkje gå inn til elevar på andre rom. Skal du snakke med andre elevar skal det skje i fellesareala.

Ver ute så sant det er mogeleg i friminutt og pausar.

Hald 1 meters avstand til andre utanfor klasserommet

Kantina er opa for både sal av mat og eting, men tal stolar er redusert, både totalt og per bord. Dette for å auke avstanden mellom elevane og minske mengda med elevar i rommet. Kantina har ikkje handvask, men handsprit står der. Vask gjerne hendene dine føre og etter besøket i kantina.

Vassautomatane er opna igjen. Ver varsom ved bruk, slik at flasketuten ved bruk av drikkeflaske ikkje kjem i kontakt med automaten.

Landskapet og ariet er ope, også for eting. Hald avstand. Rydd etter deg. Områda kan bli stengde om vi ser at smittevernreglar ikkje vert haldne.

Kan du kome deg til skulen utan å bruke offentleg transport (gå, sykle eller bli køyrd), så gjer det. Hugs at i private bilar gjeld også smittevernreglar; max 2 personar i tillegg til sjåføren og desse må sitje i baksetet på kvar si side, så sant ein ikkje er i same husstand.

Ved behov: Ta med og bruk eige headset

Ulsteinvik, 14.08.20  
Leiinga